



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/973 - 19/25702

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
10.12.2019

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vatn med utsleppsløyve til bustad GBNR 49/93 lo

Administrativt vedtak. Saknr: 306/2019

Tiltakshavar: Daniel Sygnowski
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS AS
Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf forureiningsforskrifta § 12-5
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20- 1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 27.11.19, søkt om utslepp frå ein einestad på lo, gbnr 49/93. Utsleppet det her er søkt om er utslepp av sanitær avløpsvatn frå bustad som skal via minireinseanlegg førast til bekk med heilårsvassforsyning. Det skal etablerast utsleppsanlegg – biologisk/kjemisk minireinseanlegg på eigen eigedom og vidare skal utslepp førast på nabogrunn gbnr 49/13 i samsvar med samtykke frå nabo datert 02.10.19.

Vidare er det søkt om tilkopling til kommunalt vassverk den 10.12.19.

Nabovarsel:

Utsleppet vart ikkje nabovarsla i samsvar med pbl §21-3. Råka naboar har samtykka i tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune er avsett til bustadområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Vurering:

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredsstillende NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningslova.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter kommunen si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Vidare skal eigedomen koplatt til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning. Leidningen vart godkjent tidligare. Kommunen ber om at leidningen vert gravd ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den vert minst mulig synleg i terrenget.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utslepp frå ein bustad på eigedomen gbnr 49/93 i samsvar med søknad, motteke journalført 27.11.19 og på følgjande vilkår:

- 1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til bekk med heilårsvassforsyning på eigedom gbnr 49/13.*
- 2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.*
- 3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.*

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Foureiningforskrifta.

Meland kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til utlegging av vass- og utsleppsleidningar for eigedomen gbnr 49/93, i samsvar med søknad journalført motteke 27.11.19 og 10.12.19.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført motteke 27.11.19 - avløpsleidningar og motteke 10.12.19 vassleidningar, jf plan- og bygningslova § 29-4.

Meland kommune godkjenner vidare at bustad på eigedomen gbnr 49/93 på lo vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 10.12.19 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.*
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - Kommuneforlaget.*
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.*

- Drift avdeling må kontaktast før tilkopling er gjennomført for påvising av tilkoplingspunktet.
- Dersom De ynskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande regulativ. Per 01.01.2019 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Faktura for tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet bort. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om utslipp GBNR 49/93

Søknad om tilknytting kommunalt vann 49/93

Kopi til:

daniel.signowski1309@outlook.com

Mottakarar:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND